

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 41

5914 ISDALSTØ
Norge

Dykkar ref.:	Vår ref.	11744529	Dato:
	Sak/dok.:	17/16795-3	14.08.2017
	Ark.:	346	

Dokumentet har framleis manglar og kan ikkje tinglysast

Saka gjeld gnr. 27 bnr. 6 og 13 i 1263 Lindås kommune

Vi har prøvd å nå deira saksbehandlar på telefon, men har ikkje fått svar. Meldinga til tinglysing i samband med arealoverføring de har sendt inn for tinglysing har framleis manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse det.

Vi syner til retur 18.07.2017. Det er manglar ved nokre av fullmaktene som er lagt ved.

Kva må til for at dokumentet kan tinglysast?

Fullmaktene frå Vidar Nævdal, Eva Vågheim og Bente Ellen Nævdal Senior er heilt eller delvis lagt fram i kopi.

Bruker de fullmakt, er hovudregelen at ho skal leggjast fram i original. Legg de likevel fram ein kopi, krev vi at ein advokat/advokatfullmektig eller ein eigedomsmeklar/eigedomsmeklarfullmektig stadfestar at det er ein rett kopi, og samtidig erklærer at fullmakta gjaldt då dokumentet som skal tinglysast vart signert. Kravet følgjer av tinglygingsforskriften § 7 andre ledd. Erklæringa må være datert. Om tilbakekalling av fullmakter viser vi til avtaleloven § 16.

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumentet inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta mangelen vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglygingslova § 7 og § 9.

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no og www.seeiendom.no.
Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 08700. Kundesenteret er ope alle
kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 88 31.

Venleg helsing

Karine Holemark
Saksbehandler

Ingunn Ruud
saksbehandler

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.